



MIDT-TELEMARK KOMMUNE
Bøgata 67
3800 BØ I TELEMARK

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lovlegkontroll av Midt-Telemark kommunestyre sitt vedtak 130/24 – årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2026-2028

Statsforvaltaren opphevar kommunestyrets vedtak som gjeld årsbudsjettet for 2025. Vedtaket bryt med kommunelovas krav om at utgiftene som er lagt til grunn skal vere realistiske.

Ein monaleg del av dei store reduksjonane frå tidlegare års løyvingar og bruk på sektorar som oppvekst og helse og meistring er gitt som rammekutt. Det er ikkje skissert tiltak som viser at sektorane har moglegheit til innfri rammekutta.

Det er alvorleg, ikkje minst fordi kommunens økonomi allereie er i betydeleg ubalanse og fordi erfaringane frå dei siste åra gir liten grunn til å tru at rammekutta vil bli realiserte.

Vi viser til Midt-Telemark kommunestyre sitt vedtak i sak 130/24 av 9. desember 2024, og oversending frå kommunen 8. januar.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark opphevar den delen av Midt-Telemark kommunestyre sitt vedtak i sak 130/24 av 9. desember som gjelder årsbudsjettet 2025.

Vi vurderer at dei betydelege reduksjonane frå tidlegare års løyvingar og bruk, nærare bestemt rammekutta innan sektorane oppvekst og helse og meistring, i tillegg til fellesfinansiering, ikkje er tilstrekkeleg forklart «ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette» i 2025.

Vi ber kommunen gjere nytt vedtak om årsbudsjett snarast mogleg og seinast innan 30. juni 2025. Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på.



Om bakgrunnen for saka og rettsleg grunnlag

Statsforvaltaren kan lovlegkontrollere vedtak på eige initiativ dersom «særlige grunner tilsier det», jf. kommunelova §27-1 andre ledd. I §27-3 andre ledd, andre punktum, står det at «Ved lovlighetskontroll etter § 27-1 andre ledd bestemmer departementet omfanget av kontrollen.»

Departementet er her statsforvaltaren.

Vi går gjennom alle kommunane i fylket sine vedtak om årsbudsjett og økonomiplan for å avklare om dei er sett opp i balanse, såkalla «botnlinjekontroll». Vi har óg i oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet mellom anna å «følgje opp kommunar som står i fare for å bli registrert i ROBEK».

Midt-Telemark kommune hadde i 2023 eit netto driftsresultat på -2,4 prosent. Den hadde ved utgangen av året eit meirforbruk i balanserekneskapan på 20,4 mill. kroner, eller 1,6 prosent av driftsinntektene. Siste prognose for rekneskapan for 2024, orientert om til kommunestyret 10. februar, viser eit meirforbruk på 53,9 mill. kroner. I så fall vil det samla meirforbruket i balanserekneskapan vere 74,3 mill. kroner.

Jf. kommuneloven §28-1 c og d skal ein kommune bli meldt inn i ROBEK dersom høvesvis «Driftsdelen i økonomiplanen, driftsbudsjettet eller driftsregnskapet til kommunekassen [...] viser at et merforbruk skal dekkes inn over flere enn to år etter at det oppsto», eller «Balanseregnskapet til kommunekassen [...] viser et oppsamlet merforbruk fra driftsregnskapet som er større enn tre prosent av driftsinntektene.»

Eit samla meirforbruk på 74,3 mill. kroner vil bety at kommunen blir registrert i ROBEK etter handsaminga av rekneskapan for 2024.

Vi har derfor gått nærare gjennom ovannemnde vedtak i Midt-Telemark kommunestyre.

Vi har tatt vedtaket opp til lovlegkontroll.

Lovlegkontrollen er avgrensa til om vedtaket «har et lovlig innhold», jf. §27-3 første ledd. Lovkrava til vedtak om budsjett og økonomiplan er mellom anna nedfelt i kommunelova §14-4. I tredje ledd står det her at «Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlege.»

Vi legg til grunn at årsbudsjettet og økonomiplanen er i balanse og fullstendig. I lovlegkontrollen vurderar vi nærare om årsbudsjettet og økonomiplanen er i tråd med krava om realisme og oversikt.

Kravet om oversikt

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) skriver i Prop. 46 L (2017- 2018) om kravet til oversikt at det «må ses i sammenheng med at økonomiplanen og årsbudsjettet skal være lett tilgjengelig for allmennheten, og samtidig klargjøre fullmaktene til underordnete organer i kommunen eller fylkeskommunen».

Jan Fridthjof Bernt skriver på rettsdata.no, i note 924 til kommunelova, at ein «lovlighetskontroll med om kravet om oversiktighet er oppfylt» er ein «kontroll med om budsjettet eller planen er satt opp på en måte som gjør det eller den til et presist og effektivt styringsinstrument overfor ulike deler av



kommunalforvaltningen, og som et forståelig grunnlag for både politisk og rettslig kritikk og kontroll både fra folkevalgte og fra allmennheten.»

Kravet om realisme

Kravet til realisme inneber at «inntekter og utgifter innarbeides med det som sannsynlig må påregnes, ut fra alminnelige forventninger om utviklingen i eksterne faktorer og ut fra de bevilgninger og tiltak som kommunestyret eller fylkestinget vedtar i økonomiplanen og årsbudsjettet», jf. Prop. 46 L (2017-2018).

I rundskriv H-19/05 skriv Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) at «kravet til realisme innebærer at de enkelte bevilgninger og de inntekter budsjettet bygger på, skal være ført opp ut fra hva som kan påregnes, jf. Ot. prp. nr. 43 (1999-2000) s. 130. Ved utforming av anslag bør et forsiktighetsprinsipp legges til grunn. Dette inneber at ein bør budsjettere slik at ein unngår at inntekter blir overvurdert og at utgifter blir undervurdert.

Inntektssiden bør ta utgangspunkt i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet (St.prp. nr. 1), der blant annet regjeringens anslag for kommunenes inntektsvekst for det påfølgende år publiseres. Kommunens budsjetterte inntekter bør ligge innenfor regjeringens prognose. Dersom kommunen opererer med et annet anslag, må avviket begrunnes. Anslag for det kommende års rammetilskudd publiseres samtidig i Grønt hefte (beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1). Kommunen bør ta utgangspunkt i dette og korrigere for eventuelle endringer som følge av de påfølgende budsjettforhandlingene i Stortinget.» Vi legg vidare til grunn at inntektsanslag i tråd med KS sin prognosemodell ikkje bryt med realismekravet.

I Ot.prp. nr. 43 (1999-2000) står det vidare at «Det er av stor betydning at det er sammenheng mellom de forutsetninger som ligger til grunn mellom inntekter og utgifter. Det må for eksempel være konsistens mellom anslag for skatteinntekter og lønnsutgifter i budsjettet».

Krava til utgiftsrammene er at løyvingane skal være tilstrekkelege til å oppfylle minimumskrav til omfang og standard for den aktuelle tenesta, eller til forsvarlege tenester. I rundskriv H-19/05 står det følgjande om realismekravet for budsjettering av utgifter i budsjettet:

«Vurderingen av realismekravet for utgiftsnivået vil i større grad måtte bero på skjønn, men hva som vil være tilstrekkelige utgiftsrammer innen det enkelte tjenesteområde, vil være vanskelig å bedømme. Vurderingen bør heller ikke innskrenke kommunens muligheter til å foreta omprioriteringer mellom utgiftsformål. Betrakningene rundt budsjettets utgiftsside bør derfor hovedsakelig begrense seg til å påse at balansekravet overholdes, med mindre det åpenbart skulle framgå at bevilgningene ikke vil være tilstrekkelige til å oppfylle klart definerte minimumskrav til omfang og standard for den aktuelle teneste. Betydelige reduksjoner fra tidligere års bevilgninger og anvendelse må imidlertid kunne forklares ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette».

Om ei løyving blir vurdert «åpenbart» ikkje tilstrekkeleg til å dekke utgifter til tenester det er satt klart definerte minimumskrav til, må altså vedtaket bli underkjent. Det same gjeld om monalege innsparingar ikkje er tilstrekkeleg forklart «ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette».



Våre vurderingar

Oversikt

Det føreligg fleire notat i tillegg til sjøve budsjett- og økonomiplandokumentet, mellom anna ei oversikt over føreslegne tiltak, eit eige notat om ytterlegare moglege tiltak for å realisere det føreslegne rammekuttet, befolkningsframskriving og detaljbudsjett.

Hovuddokumentet, altså forslaget frå kommunedirektøren, inneheld verken sektorvise oversikter over tidlegare rammar og bruk, framskriving for 2025 basert på 2024-drifta – altså effekten av lønns- og prisvekst og demografiutvikling, eller anslått innsparingseffekt kvart år i perioden av dei føreslegne tiltaka. Det gjer det utfordrande for lesaren å vurdere i kva grad dei føreslegne rammene er tilstrekkelege for å dekke behova i økonomiplanperioden.

Det er ei utfordring for oss, men meir alvorleg er det om det same gjeld kommunestyret som har gjort vedtaket. I så fall kan ein spørje seg om kommunestyret har vore i stand til å vurdere realismen i forslaget frå administrasjonen, og kva endringar som er realistisk å gjennomføre.

Ei slik samanstilling er derfor å tilrå for kommande økonomiplandokumentar. Det vil gje større grad av oversikt, og gjere dokumentet enklare å lese og vurdere konsekvensane av.

Det er til dels krevjande å følgje saksgangen og vedtaka. òg her blir det vist til eigne dokument. Dette har likevel samanheng med sakskomplekset. Årsbudsjett og økonomiplanar i kommunar har eit omfattande innhald, og omfanget av endringsforslag i den politiske hansaminga kan gå ut over oversikta. Omsynet til oversikt kan likevel ikkje avgrense kommunestyrets moglegheit til å foreslå endringar i forslaget frå kommunedirektøren.

Trass dette vurderer vi samla at vedtaket ikkje bryt med kravet om oversikt.

Realisme

Vi vurderer at inntektsføresetnadene, med hovudvekt på dei frie inntektene, er i tråd med prognosane frå saldert budsjett 2025 og KS' prognosemodell.

Det er vanskelegare å vurdere utgiftssida. Siste prognose for rekneskapen for 2024, orientert om til kommunestyret 10. februar, viser eit meirforbruk på 53,9 mill. kroner.

I økonomirapporten for andre tertial var utgiftene til dei fire sektorane – kommunedirektør, stab og politisk, oppvekst, helse og meistring og teknisk – samla prognostisert til 887 mill. kroner.

I st.prp. 1 (2024-2025) er kommunal deflator, altså lønns- og prisveksten i kommunane, for 2025 anslege til 4,1 prosent. Det utgjer ein utgiftsvekst på om lag 36 mill. kroner for kommunen, basert på prognosen frå andre tertial.

I tillegg kjem auka demografiutgifter som må dekkast av frie inntekter. Desse var i st.prp. 1 (2024-2025) anslege til 2,5 mrd. kroner for alle kommunane i landet. Midt-Telemark kommune utgjer om lag to promille av landets folketal. Reint sjablongmessig utgjer demografiutviklinga meirutgifter for Midt-Telemark kommune på om lag 5 mill. kroner i 2025.



Årsbudsjettet 2025

Vidareføring av drifta frå 2024 til 2025 ville, basert på dei enkle berekningane over, medføre utgifter til dei nemnde sektorane på 928 mill. kroner. Den vedtatte ramma for 2025 er 847 mill. kroner, under dette 320 mill. kroner til oppvekst og 323 mill. kroner til helse og meistring. Innsparingsbehovet på ein slik bakgrunn er i så fall om lag 81 mill. kroner.

Med ei ramme på 847 mill. kroner til de fire sektorane er budsjettet i balanse, inkludert inndecking av meirforbruket på 20,4 mill. kroner frå 2023. Auka inntekter frå eigedomsskatt, utbytte frå Midt-Telemark Kommunale Eigedom og auka løyving i saldert budsjett medverka til det.

Spørsmålet er om rammene for dei enkelte sektorane er i tråd med kommunelovas krav til realistisk budsjettering.

Kommunestyret har vedtatt direkte innsparingstiltak tilsvarande 27,5 mill. kroner, under dette tiltak med budsjettert effekt på 6,7 mill. kroner innan oppvekst og 15,3 mill. kroner innan helse og meistring.

I tillegg er det vedtatt rammekutt på 61,0 mill. kroner, der 12 mill. kroner er kutt i ramma til oppvekst og tilsvarande 28 mill. kroner for helse og meistring.

Til saman utgjer innsparingstiltaka og rammekutta betydelege innsparingar for kommunen.

For oppvekstsektoren utgjer tiltaka og rammekuttet til saman 18,7 mill. kroner, mens det for helse og meistring utgjer 43,3 mill. kroner. Gitt desse kutta verkar rammene for oppvekst og helse og meistring å vere i tråd med tidlegare bruk, og forventa bruk i 2025 justert for deflator og demografiutvikling.

Det verkar likevel svært usikkert om kommunen kan realisere desse kutta. Berre drøyt ein tredel av innsparingane i oppvekst og helse og meistring er forklart «ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette».

I tillegg er det usikkert om kommunen vil kunne klare å realisere den budsjetterte effekten av dei vedtatte tiltaka.

I kommunedirektørens notat «Tiltak for å innfri rammekutt» skisserer han korleis rammekutta kan bli realisert. For oppvekstsektoren foreslo han et rammekutt på 15 mill. kroner, medan kommunestyret altså vedtok eit rammekutt på 12 mill. kroner. Etter gjennomgang av moglege tiltak skriv han at «Gjennomfører vi alle disse tiltakene står sektoren fortsatt igjen med et rammekutt på 5-6 mill», som han altså ikkje har foreslått tiltak for å realisere.

I tillegg vedtok kommunestyret nokre av dei skisserte «rammekutttiltaka» frå kommunedirektøren som ein del av innsparingstiltaka med budsjettert effekt 6,7 mill. kroner i 2025.

Det er altså ikkje skissert tiltak som sannsynleggjer at oppvekstsektoren har moglege tiltak for å realisere rammekuttet på 12 mill. kroner.

Rammekuttet for helse og meistring utgjer 28 mill. kroner i 2025. Kommunedirektørens gjennomgang av moglege «tiltak for å innfri rammekutt» summerer seg til 11,25 mill. kroner. Det er under halvparten av det vedtatte rammekuttet for sektoren. Han skriv at «Innsparingene som nå



foreslås er å regne som inngripende tiltak, der vi kommer til å utfordre det som allment oppfattes som kommunens samfunnsoppdrag og det loven sier at vi skal levere av tjenester.»

Av det samla rammekuttet på 61,0 mill. kroner er det òg lagt ei innsparing på 8 mill. kroner på «Fellesfinansiering», nærare bestemt «Interne fin.transaksjoner». Om dette kvilar på føresetnader om lågare renteutgifter eller høgare skatteinngang eller liknande, enn elles føresett i budsjettet, framstår uklart, men underbygg tvilen om at rammekuttet kan bli realisert.

Vi vurderer ikkje at rammene for oppvekst og helse og meistring «åpenbart» er utilstrekkelege «til å oppfylle klart definerte minimumskrav til omfang og standard» for desse tenestene for 2025, sjølv om er svært usikkert om dei vil kunne bli haldne

Men vi vurderer at dei betydelege reduksjonane frå tidlegare års løyvingar og bruk, nærare bestemt rammekutta innan sektorane oppvekst og helse og meistring, i tillegg til fellesfinansiering, ikkje er tilstrekkeleg forklart «ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette».

Økonomiplanåra 2026-2028

For økonomiplanperioden 2026-2028 viser rammene for oppvekst ein liten auke frå 2025 til 2026, før den blir redusert. Medan rammene for helse og meistring aukar svakt gjennom perioden.

Innsparingseffekten frå dei vedtatte tiltaka for 2025 er monaleg høgare frå og med 2026. I tillegg er det nye tiltak som først får effekt frå og med 2026. Dette inneber at behovet for rammekutt er betydeleg lågare, høvesvis 12,6; 15,7 og 13,3 mill. kroner for åra 2026-2028.

Vi vurderer at det er svært usikkert om kommunen vil kunne realisere tiltak med budsjettert effekt for åra 2026-2028, men ikkje at rammene «åpenbart» er utilstrekkelege «til å oppfylle klart definerte minimumskrav til omfang og standard». Vi vurderer heller ikkje at reduksjonane ikkje er tilstrekkeleg forklart med tiltak.

Konklusjon

Vi vurderer at løyvingane på utgiftssida for 2025-2028 ikkje «åpenbart» er utilstrekkeleg til «å oppfylle klart definerte minimumskrav til omfang og standard» for den aktuelle tenesta, men at reduksjonane «fra tidligere års bevilgninger og anvendelse» ikkje er tilstrekkelig forklart «ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette» i 2025.

Vedtaket bryt derfor med kommunelovas krav om realistiske føresetnader med omsyn til utgiftssida i årsbudsjettet for 2025.

Reduksjonane på utgiftssida for økonomiplanperioden 2026-2028 er i større grad forklart ut frå kva for tiltak kommunen skal sette i verk. Vi vurderer at vedtaket ikkje bryt med realismekravet for denne perioden.

På denne bakgrunn opphevar vi delen av vedtak 130/24 som gjeld årsbudsjettet 2025, men ikkje økonomiplanen 2025-2027.

Kommunestyret må vedta nytt årsbudsjett 2025 med realistiske føresetnader innan 30. juni.



Nærare om nytt vedtak om årsbudsjett

Vi viser til kommunestyrets vedtak om årsbudsjett og økonomiplanar dei siste to åra.

I vårt brev til kommunen 24. mars 2023, som vurdering av kommunen sitt vedtak om årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2024-2026, skreiv vi at «Kommunen må, både av omsyn til økonomi, men også kvaliteten på tenestene kommunen kan tilby innanfor den økonomiske ramma si, ta omsyn til utviklinga i folketal og demografi i utforminga av tenesteproduksjonen i åra som kjem. Vi er spesielt bekymra for om budsjetttramma for tenesteområdet Helse og meistring vil halde.» Vidare skreiv vi at «Dersom det gjennom året viser seg at kommunen ikkje vil klare å halde rammene, må kommunestyret endra årsbudsjettet. Vi ber derfor kommunen justere budsjettet ved behov, jf. §14-5, etter handsaminga av økonomirapporten for 1. tertial.» Rekneskapen blei vedtatt med eit meirforbruk i balansen på 20,4 mill. kroner.

I lovlegkontroll av kommunestyrets vedtak 151/23 – om årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2025-2027 – skreiv vi at «Vi vurderer det som svært usikkert om reduksjonane «fra tidligere års bevilgninger og anvendelse» er tilstrekkelig forklart «ut fra hvilke tiltak kommunen akter å iverksette». Kommunedirektøren fekk i same vedtak i oppdrag å leggje fram «ein tiltaksplan som syner konkrete og realistiske driftsreducerande tiltak knytt til» [...] utgiftsreduksjonane.» Kommunen var altså delvis i same situasjon for eitt år sidan, med ikkje ubetydelege rammekutt i budsjettet. Kommunen ligg an til eit samla meirforbruk ved utgangen av 2024 på om lag 75 mill. kroner.

Vi skreiv vidare at «Arbeidet med utgiftsreduksjonar må óg ligge til grunn for arbeidet med budsjett 2025 og økonomiplan 2026-2028, slik at kommunen ikkje vedtar innsparingar som ikkje er mogleg å realisere utan at dei bryt med «klart definerte minimumskrav til omfang og standard for den aktuelle tjeneste».

Vi oppheva som kjent økonomiplandelen av vedtak 151/23. I vedtak 57/24 vedtok kommunestyre ny økonomiplan. Óg her var det rammekutt på budsjettområda, men det var i tillegg til både årsverkreduksjonar og rammeaukar. I vår tilbakemelding til vedtak 57/24 om ny økonomiplan 2025-2027, i brev 14. august, skreiv vi m.a. at «Det verkar uklart kvifor kommunestyret har vedtatt både årsverkreduksjonar, innsparingskrav og rammeaukar for sektorane i det same vedtaket. For neste vedtak om budsjett og økonomiplan ber vi kommunestyret vurdere realismen i slike innsparingar nærare, særleg når det ikkje er knytt til konkrete tiltak.»

Likevel er budsjettet for 2025 saldert med eit rammekutt på 61,0 mill. kroner, vedtatt på eit tidspunkt der kommunestyret var kjent med at rekneskapsprognosen tyda på eit meirforbruk i 2024 i same storleiken.

Om det prognostiserte meirforbruket skreiv vi 14. august at «Prognosen inneber at kommunen ikkje er i mål med å tilpasse tenestene og utgiftene til inntektene. Det er vanskeleg å sjå at kommunen skal klare det, og samtidig oppretthalde forsvarlege tenester, utan at det inneber strukturendringar i tenestene. Vi ber kommunen vurdere strukturendringar med økonomisk innsparingseffekt før neste vedtak om budsjett og økonomiplan.» Vi minner om at kostnadskrevjande strukturer gir mindre rom for utgifter til bemanning i tenesteproduksjonen enn billigare strukturer.

Erfaringa frå dei siste åra gir liten grunn til å tru at rammekutta vil bli realisert. Vi vurderer at rammekutta har medverka til at behovet for nødvendige tiltak, enten direkte kutt eller strukturendringar, har blitt og framleis blir skjøve på. Det kan ikkje fortsette. Meirforbruket må



stoppe, og kommunen må snu alle steinar for å klare det. Det inneber at rammekuttet på 61 mill. kroner, så langt det lar seg gjere, må forklarast med tiltak.

Vi ber kommunestyret vedta realistiske tiltak for å sannsynleggjere at budsjetttrammene for sektorane – slik dei er vedtatt – kan bli haldt, slik at man unngår ytterlegare meirforbruk i 2025.

Dersom økonomirapporten etter første tertial 2025 viser at kommunen ligg an til meirforbruk òg i 2025, må det takast omsyn til i vedtaket. Kravet til årsbudsjettet er framleis at det skal bli vedtatt i balanse.

Det er òg viktig å vurdere moglege strukturendringar som kan legge til rette for ein berekraftig økonomi på litt lengre sikt.

Vi merkar oss i tillegg at kommunestyret i kommunestyremøtet 10. februar gjorde vedtak som vil kunne ha betydeleg budsjetteffekt. Det gjeld særleg vedtaket i sak 07/25 – Presisering av vedtak om mottak av flyktningar i 2025. Kommunestyret må finne inndecking til desse utgiftene i budsjettet, men vi kan ikkje sjå at det blei gjort. Oppretting av politiske styringsgrupper kan òg ha budsjettmessige konsekvensar, og må på same måte ha inndecking i budsjettet.

ROBEK

Vi legg til grunn at kommunen, jf. siste prognose, vil ha eit samla meirforbruk i balanserekneskapen på 74,3 mill. kroner etter 2024.

I så fall vil kommunen bli registrert i ROBEK etter handsaminga av rekneskapen for 2024, jf. kommunelova § 28-1 første ledd bokstav d.

Kommunestyret skal i rekneskapsvedtaket angi korleis meirforbruket skal bli dekket inn, jf. § 14-3 andre ledd siste punktum.

Vi viser òg til kommunelova §14-11 første og andre ledd: «Et merforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen [...] skal dekkes inn året etter at det oppsto. Hvis merforbruket ikke kan dekkes inn året etter at det oppsto, skal det dekkes inn senest det andre året etter at det oppsto. Kommunestyret [...] kan i særlege tilfeller vedta at et merforbruk i driftsregnskapet til kommunekassen eller fylkeskommunekassen skal dekkes inn senest fire år etter at det oppsto. Hvis de samfunnsmessige og økonomiske konsekvensene av å dekke inn et merforbruk [...] vil bli uforholdsmessig store, kan departementet godkjenne et vedtak om at merforbruket dekkes inn over en periode på flere enn fire år etter at det oppsto».

Dersom kommunen fattar nytt vedtak om årsbudsjett etter at kommunen er registrert i ROBEK, skal Statsforvaltaren kontrollere lovlegheita av vedtaket, jf. § 28-3 første ledd.

Om meirforbruket i rekneskapen

Kommunen må stoppe det vedvarande meirforbruket. Først når det er under kontroll kan tidlegare meirforbruk dekkjast inn.

Det prognostiserte meirforbruket i 2024 og vedtak 130/24 viser eit stort behov for å identifisere utgiftsreducerande tiltak. Det er avgjerande at tenesteproduksjonen blir utforma i tråd med behovet til innbyggjarane, og innanfor dei inntektene kommunen kan forvente å ha framover. Dette stiller store krav til den kommunale planlegginga.



Dette arbeidet må også leggest til grunn for utarbeidinga av årsbudsjett for 2026 og økonomiplan for 2027-2029, slik at ein ikkje bygger neste budsjettvedtak på føresetnader som viser seg ikkje å vere realistiske.

Med helsing
statsforvaltar i Vestfold og Telemark

Trond Rønningen

Mats Willumsen
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent